

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Deres referanse:
202203776-44
Dato: **03.05.2024**
Saksnr.: **2023/21193**
Dok.nr.: **8**
Saksbehandler:
Sikke Viste

Karmøy kommune - ny 132 kV kraftledning Bø-Meland - konsesjon - Fagne AS - høyring av tilleggsutgreiinga - søknad

Vi viser til mottatt brev frå NVE datert 05.04.2024 med høyring av tilleggsutgreiing for ny 132 kV kraftleidning frå Bø til Meland i Karmøy kommune. Høyringsfrist er satt til 06.05.2024. Vi viser også til vårt brev datert 09.03.2023 til høyring av konsesjonssøknad for ny 66 (132) kV leidning frå Bø – Meland i Karmøy kommune. Fylkesdirektøren har i dette brevet retta administrativ motsegn til konsesjonssøknaden. I tillegg vises det også til innsigelsesmøte med NVE og Fagne 14.04.2023, og til diverse dialogmøte med Fagne og Norconsult haust/vinter 2023/2024.

Denne fråsegna gjelder kulturminner, vi gjer merksam på at det kan kome ytterlegare merknader frå fylkesdirektøren.

Bakgrunn for saka

Fagne AS søker om konsesjon for å bygge, eie og drifte ein ca. 5 km ny 132 kV dobbelkurs kraftleidning mellom Bø transformatorstasjon og Meland T-avgreining. Den nye leidningen skal erstatte eksisterande leidning på same strekning. Det er søkt om tre alternativ (alt. 1, alt. 1+1b og alt. 1+1c).

Søknaden om ny 132 kV leidning ble sendt på høyring januar 2023. Rogaland fylkeskommune retta i brev datert 09.03.2023 administrativ motsegn til høyringsforslaget. Innsigelsen er grunngjeve i dei store kulturminneverdiane i området, og at ei luftleidning i dette område vil virka utilbørleg skjemmande på dei store bronsealder gravhaugane - Rehaugene (ID 34378). Fylkesdirektøren fremma difor motsegn til mastepunkt nr. 3-6, og 132 kV linje frå Bø transformatorstasjon til mastepunkt 6.

Med bakgrunn i tilbakemeldingane til høyringa fant NVE det nødvendig å be Fagne om å utarbeide ein tilleggsutgreiing. Denne blei sendt NVE 28.02.2024, og er nå sendt på høyring.

I forkant av utarbeiding av tilleggsutgreiinga har det vært god dialog mellom Rogaland fylkeskommune, Fagne og NVE. Det er blant annet gjennomført innsigelsesmøte med NVE, der Fagne også deltok. I tillegg er det gjennomført fleire møter med Fagne og Norconsult for å forsøke å finne ei løysing på den administrative motsegna. Fylkesdirektøren oppfattar møta med Fagne og Norconsult som konstruktive møter, og

ønsker å rose både Fagne og Norconsult i arbeidet som er lagt ned i forsøket med å finne alternativ som minimerer verknaden kraftlinja med mastepunkt vil ha på kulturminneverdiane i området. Det er i denne prosessen vurdert fleire alternativ til konsesjonssøkt trase. Gjennom utarbeiding av gode illustrasjonar har det likevel vist seg at opprinnelig konsesjonssøkt trase er den beste, da dei andre forslagene gir ytterlegare barrierverknad.

Fylkesdirektørens merknader til tilleggsutgreiinga

Det er ikkje gjort endringar i søknaden etter første høyringsrunde, og prioriteringa av trasealternativa det tidlegare er søkt om står også ved lag. Det er søkt om tre ulike alternativ; alternativ 1, alternativ 1+1b og alternativ 1+1c. Fagne prioriterer alternativ 1 over dei to andre.

I tilleggsutgreiinga er det gjort vurderingar av dei konsekvensar tiltaket vil ha for naturmangfald, landskap, kulturminne, friluftsliv og landbruk. Det er også gjort en vurdering av kabel som alternativ til luftleidning. I tillegg følgjer det av tilleggsutgreiinga at det er vurdert avbøtande tiltak gjennom kabling av lågspentnettet ved Rehaugane.

Vi påpekte i vår tidlegare uttale at søknaden har eit stort svakheitspunkt og er svært mangefull når det gjeld beskriving og utredning av tiltaket sett opp mot dei store kulturminneverdiane i området. Blant anna var ikkje kulturmiljøet Avaldsnes nemnt i søknaden, i tillegg var tiltakets konsekvens på Rehaugane vurdert til å være liten til middels negativt. Noko fylkesdirektøren var sterkt ueinig i, då det ble retta motsegn til linja forbi Rehaugane.

I tilleggsutgreiinga er kulturminner gitt ei mykje breiare vurdering. Rehaugane og kulturmiljøet rundt Avaldsnes kyrkje er nå vurdert til å ha svært stor verdi, der tiltakets konsekvens på kulturminna vert sett til forringa. Med skadereduserande tiltak (kabling av lågspentnett) er tiltaket ved Rehaugane endra til noko forringa. Fylkesdirektøren er nøgd med at Fagne har utarbeida eit betre grunnlag og gjort ei mykje betre vurdering av kulturminna i området. Fylkesdirektøren er også nøgd med at det er gjort betre og fleire visualiseringar av omsøkte linjetrase forbi Rehaugane, dette har ført til at det har vore lettare å gjera ei vurdering av tiltakets konsekvens på kulturminna i området.

Føresetnad for å trekke den administrative motsegna

I vårt brev med administrativ motsegn er forslag til løysning å utgjere og vurdere jordkabel på strekket mellom Bø transformatorstasjon og mastepunkt 6. Fagne viser i tilleggsutgreiinga at jordkabel er vurdert slik som foreslått av fylkesdirektøren, men den inngår ikkje som eit alternativ i søknaden. Det går ikkje eksplisitt fram av utgreiinga kvifor jordkabel ikkje er eit alternativ i søknaden, men kostnadsgrunnlaget for dei to alternativa som er vurdert viser at kostnaden for jordkabel vil ligge på mellom 33 og 56 mill. avhengig av kva alternativ ein vel.

Fylkesdirektøren meiner at kostnadene ved å legge kabel på strekket mellom Bø transformatorstasjon og mastepunkt 6 blir for store til at dette kan forsvara opp mot verknaden som den nye kraftlinja vil ha på kulturminneverdiane rundt Rehaugane.

Med føresetning om at NVE følgjer tilleggsutgreiinga vil vi kunne fråfalle vår administrative motsegn til omsøkte master og 132 kV linje i luftleidning mellom Bø

transformatorstasjon og til mastepunkt 6 (jf. figur 12 i opprinnelige konsesjonssøknad). Ei forutsetning for dette er at det i konsesjonsvedtaket stilles som vilkår at lågspentnettet i området ved Rehaugene skal kablast. Ei kabling av eksisterande lågspentnett vil føre til at fleire eksisterande master i nærleiken til Rehaugane forsvinn, noko som vurderast å ha ein positiv verknad på kulturmiljøet rundt Rehaugane, samtidig som siktelinja mot Karmsundet og Avaldsnes blir betre ivaretatt.

Vi viser elles til våre merknader knyt til den sørlege delen av linjetraseen, og at mastepunkt i dette område må leggjast i god avstand frå registrerte gravhaugar (ID 65642 og ID 72155) ved høvesvis ved Fiskåvatnet og Kollstøvarden.

Generelle merknader

Fylkesdirektøren forutset at det utarbeidast ein detaljplan (tidlegare MTA-plan) i forkant av anleggsarbeida, og at denne sendast oss for vurdering og uttale. Vi viser elles til vår tidlegare uttale i brev datert 09.03.2023 og avsnitta «Vurdering – kulturminnehensyn» og «Merknader – MTA-plan, undersøkelsesplikt jf KML §9».

Som vi presiserte i vår tidlegare uttale kan ikkje eit tiltak settast i verk før forhold til kulturminnelova er avklart. Det blei difor opplyst om at det er behov for arkeologiske registreringar jf. kulturminnelova §9. Det er pr. d.d. ikkje gjennomført slike registreringar. Det er heller ikkje utarbeida budsjett på arkeologiske registreringar, jf. kulturminnelova §10. Vi gjer merksam på at vi må ha kartfesting av alle tiltaka før vi kan utarbeide eit budsjett, og ber om at Fagne sender shape-filer på alle tiltak, også kabling av lågspentnettet, for utarbeiding av budsjett. Denne informasjonen bes sendt til firmapost@rogfk.no, med kopi til sakshandsamar sikke.viste@rogfk.no. Vi minner om at alle tiltak må undersøkast, dette gjeld både linjestrekket, mastefester, riggområder, anleggsvegar mm., samt kabling av lågspentnettet.

Hilsen
Leif Håvard Lundø Vikshåland
fagleder

Sikke Viste
rådgjevar

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Karmøy kommune
FAGNE AS

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Oppgi vårt saksnr. når du svarer på brevet.